

Sak 14-23 Resultat mot budsjett – 1.tertial

Tilråding til vedtak:

Styret tek resultatrapporten og informasjonen til vitende.

Saksutgreiing:

Vedlagt denne saka ligg ein resultatrapport som viser eit avvik i høve til budsjett hittil i år på i overkant av 300.000 kr. Dette er for så vidt eit resultat som er tilfredsstillande, gitt dei særskilde tilhøva som er i VØR dette året, jf kommentarane sist i saksutgreiinga. Det er knytt ein del usikkerheit og atterhald til mange av postane, men det vert ikkje foreslått å gjere budsjettendringar no.

Om dei enkelte postane og gruppene:

- Gebyrinntekter:
 - På renovasjon har vi inntekter i Volda på kr 5.741` (-52` iht budsjett) og i Ørsta på kr 5.520` (+105` iht budsjett). Her ligg vi såleis godt i rute og i samsvar med budsjett.
 - Det har vore utfordringar på kapasiteten i administrasjonen, noko som gjer at m.a. purringa av ubetalte gebyr har vorte forseinka. Denne veka gjekk det ut 534 purringar med eit samla beløp på 1,3 mill kr. Dette er inntektsført allereie, men altså ikkje innbetalt.
- Slam - postane 3040, 3041 og dei tilhøyrande motpostane 3240 og 3241:
 - Dette er tal henta direkte frå budsjett. Bakgrunnen for det er at hovudtøminga skjer i partalsår, medan abonnentane vert fakturerte over to år. I partalsåret vert heile summen inntektsført fordi ein har opparbeida seg retten til inntekta, men gebyrinnbetalinga skjer altså over to år. Det er difor ein må ha motkonto 3240 og 3241, og i løpet av økonomiåret jamnar dette seg ut. Vurderinga er at vi er i rute med desse inntektene.
- Salsinntekter
 - Inntektene frå sal av papir uteblir fordi marknaden fall vesentleg i dei siste månadane av 2022. Det er ein inntektssvikt på kr 214` hittil i år, men det gode er at prisane er i betring. Det vil likevel vere langt att til det budsjettete nivået, så her må det forventast ein inntektssvikt for heile året.
- Personalkostnader
 - er samla sett i balanse, med eit mindreforbruk på kr 89` iht budsjett. Det har vore ein del sjukefråvere, men mykje av dette har vore langtidfråvere som har gitt sjukelønsrefusjon. Kostnadar til ekstrahjelp og overtid for april er ikkje førte her.
- Leverings- og fraktkostnader syner eit vesentleg mindreforbruk.
 - Hovudkostnaden her er knytt til avhending av restavfall / grovavfall, der den varsla auken i forbrenningsskatt / CO2-avgift ikkje vart like stor som budsjettert. Dette fordi det vert trekt frå ein andel for det som er ikkje-fornybare materialar i restavfallet.

- Levering av farleg avfall syner eit mindreforbruk, men dette vil jamne seg ut i løpet av året. Det er få leveransar i året, og ein større leveranse går ut 7.juni.
- Kostnader lokale syner eit relativt stort overforbruk
 - Dei kommunale avgiftene på Melsgjerdet har blitt svært høge pga høge avløpsgebyr. Det har vist seg at spillvassmålaren ikkje fungerer som den skal, noko som no vert utbetra som ein reklamasjonssak. For mykje innbetalt vil bli refundert frå Ørsta kommune.
 - Straumforbruket på Melsgjerdet er utegløymt i samband med budsjetteringa. Kostnadane er vesentlege og vil såleis innebere eit meirforbruk for 2023.
- Kostnader verktøy og inventar
 - Her er det eit overforbruk. Dette skuldast i stor grad eit enkeltkjøp av plastsekkar, noko som ikkje blir gjort kvart år. Det var ikkje budsjettert med dette.
 - I næraste framtid må ein også kjøpe inn meir matavfallsposar, noko det heller ikkje er budsjettert med. Her har ein hatt eit svært stort lager over fleire år.
 - Kostnadar til programvare og systemkostnader aukar sterkt, og det er i framtida behov for ein kritisk gjennomgang av dei ulike systema. Dei aller fleste må vi ha, og per no er vi ikkje i posisjon til å fase ut nokon. Samarbeid med naboselskap om system vil vere ein mulig veg for å få ned kostnadane og betre utnyttingsgraden.
- Transport og andre driftskostnader
 - Dette er ei stor og litt uoversiktleg gruppe av postar. Samla sett er her noko overforbruk. Der har vore ein del større kostnader til reparasjon av kvernene og hjullastaren i Hovden. Dette er ikkje lett å budsjettere for.
- Avskrivningar:
 - her er brukt same verdiane som for budsjett og ikkje reelle tal. I budsjettet er det teke høgde for ein vesentleg auke i 2023 pga investeringane på Melsgjerdet. Driftsmiddelregisteret skal digitaliserast i haust, og vi vil då få inn automatisk heilt rette tal.
- Rentekostnadane:
 - merk at desse kostnadane her ikkje er periodiserte. Hittil i år har renta vore lågare enn budsjettert, men det er venta å jamne seg ut i løpet av året. Det er flytande rente på det meste av lånemassen, og på den siste rentejusteringa i mai kom renta opp på 4,65%. I budsjettet er det lagt til grunn ei lånerente på 4,5% i snitt for året.

Administrasjonen finn at det er noko krevande å forutsjå korleis verksmda ligg an i høve til budsjettet. Dei endra tilhøva i drifta gjennom at ein no har eit nytt anlegg på Melsgjerdet som både skal driftast og betalast, er eit kompliserande moment fordi vi ikkje har noko samanlikningsgrunnlag. Her er også ein del særlege tilhøve knytt til rekneskapen for denne typen selskap, og det gjer det krevande å få innsikt i kva som er rette og relevante målepunkt. Vi er fleire i selskapet i nye roller, og med det kjem ein del endring og utprøving.

Det er ikkje tilrådd frå administrasjonen si side å gjennomføre budsjettendring no. 2023 blir eit år for læring og erfaring, og det vert viktig å utarbeide eit realistisk budsjett for 2024.

For resten av 2023 vert det viktig med stram og nøktern styring. På lenger sikt er det viktig å finne område der ein kan gjere tiltak for å redusere kostnader eller auke inntekter over tid. Det er naturleg at dette også får fokus i det pågåande strategiarbeidet. Styret bør vurdere å omdisponere investeringsmidlar for 2023 over mot tiltak som har størst mogleg effekt i høve til kost-nytte og innsparing / inntening. Dette vert det nærare informert om i styremøtet.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Rapport - resultat hittil i år mot budsjett og fjorår